

Notat 2002–11

*Økonomien i jordbruket på Vestlandet*  
**Tilleggnæring i driftsgranskingane**  
**Utviklingstrekk 1990–2000**  
**Tabellsamling 1995–2000**

---

<b>Tittel</b>	Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Tilleggsnæring i driftsgranskingane. Utviklingstrekk 1990–2000. Ta bellsamling 1995–2000.
<b>Utgiver</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgiversted</b>	Oslo
<b>Utgivelsesår</b>	2002
<b>Antall sider</b>	72
<b>ISBN</b>	82-7077-452-9
<b>ISSN</b>	0805-9691

---

## Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår omlag 1000 bruk over heile landet kvart år. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. I tillegg har det vore stor etterspurnad etter lokale økonomiske data for Vestlandet samtidig som det er ei målsetjing for NILF å gjere dataene lettare tilgjengelege.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det deltek omlag 60 bruk frå kvart av fylka i granskinga. Dei økonomiske dataene i 10-årstrendane i kapittel fire, er deflaterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktane i tabellsamlinga inneheld nominelle kroner frå kvart av åra. Kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5-10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

Distriktskontoret i Bergen er ansvarleg for notatet.

Oslo, februar 2002

Leif Forsell



# Innhald

---

1	INNLEIING .....	1
2	TILLEGGSNÆRINGAR I DRIFTSGRANSKINGANE.....	3
2.1	Fordeling på driftsformer .....	4
2.2	Tilleggsnæring og mjølkeproduksjon.....	4
2.3	Driftsoverskot på tilleggsnæring .....	5
2.4	Maskinkjøring .....	6
2.5	Kvinnelege brukarar .....	6
3	TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET .....	7
3.1	Resultatmål i jordbruket .....	7
3.1.1	Driftsoverskot .....	7
3.1.2	Arbeidsfortenesta til familien og vederlag til arbeid og eigenkapital.....	10
3.1.3	Lønsevne per time .....	12
3.2	Totaløkonomien på vestlandsbruka.....	16
3.2.1	Nettoinntekt.....	16
3.2.2	Skogbruket .....	18
3.3	Soliditet .....	19
3.3.1	Nettoinvestering .....	19
3.3.2	Gjeld.....	21
3.3.3	Eigenkapitalprosent.....	22
4	UTVIKLINGSTREKK SISTE ÅR.....	25
5	TABELLSAMLING 1996 – 2000 .....	29
	FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA: .....	70

## Figurar

Figur 3.1 Driftsoverskot i middel per bruk for heile landet og Vestlandet.....	5
Figur 3.1 Driftsoverskot i middel per bruk for heile landet og Vestlandet....	8
Figur 3.2 Driftsoverskot i middel per bruk for dei tre vestlandsfylka.....	9
Figur 3.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper.....	9
Figur 3.4 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet.....	10
Figur 3.5 Utvikling for ulike resultatmål for bruk på Vestlandet.....	11
Figur 3.6 Arbeidsforteneste til familien per årsverk for dei ulike driftsformene.....	11
Figur 3.7 Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk for dei ulike driftsformene.....	12
Figur 3.8 Lønsevne per time for jordbruket i heile landet og på Vestlandet..	12
Figur 3.9 Lønsevne per time for dei tre vestlandsfylka.....	13
Figur 3.10 Lønsevne per time per time for ulike storleiksgrupper.....	14
Figur 3.11 Lønsevne per time for ulike driftsformer.....	14
Figur 3.12 Timar i jordbruket for dei ulike produksjonar.....	15
Figur 3.13 Innmark for dei forskjellige .....	15
Figur 3.14 Nettoinntekt per bruk i middel for heile landet og for Vestlandet	16
Figur 3.15 Nettoinntekt for bruk i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.....	17
Figur 3.16 Nettoinntekt i middel for ulike storleiksgrupper for vestlandsfylka.....	17
Figur 3.17 Nettoinntekt i middel fordelt på driftsformer.....	18
Figur 3.18 Driftsoverskot i skogbruket på Vestlandet.....	19
Figur 3.19 Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet.....	20
Figur 3.20 Nettoinvesteringar for driftsforma mjølk/svin.....	20
Figur 3.21 Nettoinvesteringar for dei ulike produksjonsformene.....	21
Figur 3.22 Gjeld i middel for de ulike driftsformene.....	22
Figur 3.23 Eigenkapitalprosent for heile landet og Vestlandet.....	23
Figur 3.24 Eigenkapitalprosent for ulike produksjonsformer.....	23

## Tabellar

Tabell 4.1 Tabell 1: Samla oversikt for 2000.....	4
Tabell 4.1 Tabell 1: Samla oversikt for 2000.....	5
Tabell 4.1 Tabell 1: Samla oversikt for 2000.....	27
Tabell 4.2 Tabell 2: Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk i Vestlandsjordbruket i perioden 1975 – 2000.....	27

## Tabellsamling

Tabell 1	Landsdeltal, Vestlandet.....	31
Tabell 2	Fylkestal, Hordaland.....	34
Tabell 3	Fylkestal, Sogn og Fjordane.....	37
Tabell 4	Fylkestal, Møre og Romsdal.....	40
Tabell 5	Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer..	43
Tabell 6	Vestlandet, storleiksgruppe II (50 - 100 daa), alle driftsformer..	46
Tabell 7	Vestlandet, storleiksgruppe III (100 - 200 daa), alle driftsformer.....	49
Tabell 8	Vestlandet, storleiksgruppe IV (200 – 300 daa), alle driftsformer.....	52
Tabell 9	Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon.....	55
Tabell 10	Vestlandet, driftsformer, sauehald.....	58
Tabell 11	Vestlandet, driftsformer, geitehald.....	61
Tabell 12	Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin.....	64
Tabell 13	Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau.....	67
Tabell 14	Vestlandet, driftsformer, frukt.....	70





# 1 Innleiing

---

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgranskning der det inngår omlag 1000 bruk over heile landet. I kvart av vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er det omlag 60 bruk som er med i denne granskinga.

Notatet vert publisert på bakgrunn av at det frå fleire hald har vore eit ønskje om fleire og meir detaljerte opplysningar om vestlandsjordbruket enn det ein kan finne i den årlege publikasjonen frå driftsgranskningane. Dette året er det teken med ein artikkel der temaet er tilleggsnæringar i jordbruket (kap 2).

Utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien det siste tiåret er dokumentert i kapittel tre. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar. Alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen.

Tabellsamlinga i kapittel fem inneheld tal frå driftsgranskningane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Alle dei økonomiske dataene i denne bolken, er nominelle tal for åra og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.



## 2 Tilleggsnæringar i driftsgranskingane

---

Dei siste åra har det vore satsa mykje på å setje i gang tilleggsnæringar i landbruket. Bygdeutviklingsmidlar er sette inn for å motverke nedgang i tal årsverk i jordbruket. I dag er det ikkje mange datakjelder som dokumenterer resultatet av denne innsatsen.

I tillegg til den tradisjonelle jord- og skogbruksdrifta i driftsgranskingane, har vi dei fire siste åra også registrert tal frå «anna næring» og «tilleggsnæring». Anna næring er verksemd kor ein ikkje nyttar bruket sine ressursar, som til dømes kjøring med tømmerbil, gravemaskin, legepraksis, konsulentverksemd m.m. Tilleggsnæring definerer vi som næring kor ein bruker gardsbruket sine ressursar av areal, maskiner, bygningar med meir. Leigekjøring med traktor og utleige av hus som naturleg høyrer til på garden, er eksempel på aktuelle tilleggsnæringar.

I dette kapittelet skal vi sjå nærare på bruk som er registrerte med tilleggsnæring. Vi vil mellom anna presentere kva omfang tilleggsnæringane har og kva for aktivitetar det gjeld. Tilleggsnæringa blir klassifisert ut i frå kva slags næring det er snakk om. Vi har følgjande inndelingar:

- Utmarksnæring
- Utmarksnæring og vareproduksjon
- Utmarksnæring og maskinkjøring
- Utmarksnæring og turisme
- Utmarksnæring og anna tenesteyting
- Vareproduksjon
- Vareproduksjon og maskinkjøring
- Vareproduksjon og turisme
- Vareproduksjon og anna tenesteyting
- Maskinkjøring
- Turisme
- Maskinkjøring og turisme
- Maskinkjøring og anna tenesteyting
- Turisme og anna tenesteyting

- Anna tenesteyting
- Ikkje klassifisert tilleggsnæring.
- 

For at ei verksemd skal bli klassifisert som tilleggsnæring, må anten familien ha utført minst 200 timar i verksemda, driftsoverskotet må vere på minst kr 10 000, eller egedelane i verksemda må ha ein verdi på minst kr 100 000.

Om det skal registrerast fleire tilleggsnæringar på same bruk, må kvar enkelt tilleggsnæring anten ha minst 50 timar, 25 % av driftsoverskotet eller 25 % av verdien av egedelane i tilleggsnæringane. Dersom meir enn to næringar fyllar desse krava, er koden for tilleggsnæring «ikkje klassifisert».

## 2.1 Fordeling på driftsformer

I driftsgranskingsmaterialet for heile landet er det i alt 418 bruk, det vil seie 44 %, som er registrert med tilleggsnæring. Dette er mest utbreidd på Austlandet, der 57 % av alle bruk driv ei eller anna form for tilleggsnæring. I Nord-Noreg er tilsvarande tal 27 %. På Vestlandet (Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) driv 33 % av bruka ei form for verksemd tilknytta gardsdrifta, og på Sør-Vestlandet (Rogaland og Agderfylka) er det 40 %. I Tabell 2.1 viser vi regionvis fordeling av dei ulike tilleggsnæringane.

Tabell 2.1 Tal bruk fordelt regionvis på dei ulike tilleggsnæringane

	Utmarks- næring med div. komb.	Vareprod. med div. kombina- sjoner	Maskin- kjøring	Turisme	Andre kombina- sjoner	Ikkje klassifi- sert
Austlandet	4	12	54	7	26	122
Sør-Vestlandet	2	5	13	1	5	24
Vestlandet	4	4	24	10	5	10
Trøndelag	6	5	25		8	11
Nord-Noreg		6	16		7	2
Sum bruk	16	32	132	18	51	169

Tabellen viser at maskinkjøring er den mest vanlege tilleggsnæringa i alle delar av landet. I kolonna «andre kombinasjonar» er det 38 bruk som driv med «anna tenesteyting». Dette kan til dømes vere saueklypping, grøn omsorg eller arbeid gjennom bygdelag.

## 2.2 Tilleggsnæring og mjølkeproduksjon

Av alle bruka med tilleggsnæring er det 60 % som driv med mjølkeproduksjon. På Vestlandet og Sør-Vestlandet er kombinasjonen mjølk/ tilleggsnæring meir vanleg enn elles i landet, og utgjer ca 80 %. I denne delen av landet er mjølk/ maskinkjøring den mest vanlege kombinasjonen.

Alle bruk med tilleggsnæring og mjølkeproduksjon har i gjennomsnitt 15,4 årskyr. For Vestlandet er dette talet 13,1 årskyr, og for Rogaland og Agder 15,7 årskyr. Dette er nokså likt gjennomsnittet for alle bruk med mjølkeproduksjon.

## 2.3 Driftsoverskot på tilleggsnæring


For mange bruk utgjør driftsoverskotet frå tilleggsnæringa ein betydeleg del av den totale inntekta. I gjennomsnitt for alle bruka i landet som driv med tilleggsnæring, er driftsoverskotet frå tilleggsnæringa på kr 43 700, og det utgjør 11 % av nettoinntekta. Nettoinntekta på desse bruka er i gjennomsnitt kr 414 700, og det er kr 13 700 over nettoinntekta for alle bruka i driftsgranskingane. Driftsoverskot frå jordbruket utgjør på bruka med tilleggsnæring 48 % av familien si samla inntekt. Bruka på Vestlandet kan i gjennomsnitt hente ut kr 51 400 i driftsoverskot frå tilleggsnæringa, og dette utgjør 13 % av nettoinntekta. Tabell 2.2 syner driftsoverskotet fordelt på dei ulike gruppene av tilleggsnæring. I gruppa «vareproduksjon» er det eit lite tal bruk som ligg bak, så der vil det enkelte bruk gje store utslag på resultatet.

Tabell 2.2 Driftsoverskot i gjennomsnitt på dei enkelte tilleggsnæringane

	Utmarks- næring med div. komb.	Vareprod. med div. kombina- sjoner	Maskin- kjøring	Turisme	Andre kombina- sjoner	Ikkje klassifi- sert
Sør-Vestlandet	13 001	70 122	42 738	-	47 163	23 491
Vestlandet	22 286	-	68 952	55 345	39 506	46 780
Landet	48 362	46 274	42 694	101 073	31 916	40 520

I gjennomsnitt for alle bruk i landet som er med i driftsgranskingane (975 bruk), er driftsoverskotet frå tilleggsnæringar kr 17 100 i 2000 (Figur 2.1), og det utgjør 4,3 % av nettoinntekta, i 1997 utgjorde det tilsvarande talet 3,2 % av nettoinntekta.

I dei tre Vestlandsfylka er det totalt ca 175 bruk med i driftsgranskingane, og i 1997 hadde desse i gjennomsnitt kr 7 300 i driftsoverskot frå tilleggsnæringar. I 2000 har dette talet auka til ca kr 14 400, og det utgjør 3,8 % av nettoinntekta. I Rogaland og Agder har omfanget av tilleggsnæringar variert ein del dei fire siste åra. Det skuldast at det har vore relativt stor utskifting av bruk i dette området og eit avgrensa tal bruk. Tala er meir sikre på større grupper av bruk. På Jæren er driftsoverskotet frå tilleggsnæringar kr 8 100 i gjennomsnitt i 2000, det utgjør 2 % av nettoinntekta i dette området.



Figur 2.1 Driftsoverskot frå tilleggsnæring i gjennomsnitt på alle bruka i driftsgranskingane. Tala er i faste krone

## 2.4 Maskinkjøring

Når ein ser på bruka som er med i driftsgranskingane, er det maskinkjøring som er den mest vanlege tilleggsnæringa. Dette er for mange ei grei verksemd å kombinere med landbruksdrift. Enkelte driv med snøbrøyting, medan nokre har utstyr for rundballpressing og tek på seg arbeid for andre. For landet totalt er det 31 % av bruka som er registrert med rein maskinkjøring som tilleggsnæring. I tillegg er det nokre bruk som driv med maskinkjøring i kombinasjon med andre verksemder. For Vestlandet er det 24 bruk i gruppa med rein maskinkjøring, det vil seie 42 % av alle som har tilleggsnæring i denne delen av landet. Denne gruppa har òg eit høgt driftsoverskot frå tilleggsnæringa. I gjennomsnitt for dei 24 bruka er driftsoverskotet på kr 68 952, og det utgjer 15 % av den totale inntekta på bruket.

## 2.5 Kvinnelege brukarar

For alle bruka i driftsgranskingane er 5,1 % registrert som kvinneleg brukar. Av alle bruka som driv med tilleggsnæring er 4,3 % av brukarane kvinner. Bruka med kvinneleg brukar er fordelt på dei fleste formane for tilleggsnæring. Om det er kvinneleg brukar, så er det i nokre tilfeller mannen som har ansvar for tilleggsnæringa. Alderen på dei kvinnelege brukarane i denne gruppa er i gjennomsnitt 41 år, medan mennene i gjennomsnitt er 6 år eldre.

På bruk med kvinneleg brukar er omfanget både på tilleggsnæringa og jordbruket mindre enn gjennomsnittet. I denne gruppa er driftsoverskotet frå tilleggsnæringa i gjennomsnitt ca kr 32 000, og det er kr 12 000 mindre enn for alle bruka med tilleggsnæring. Ca 60% av bruka med kvinneleg brukar og tilleggsnæring driv med mjølkeproduksjon. På desse bruka er tal årskyr i gjennomsnitt 11,7, medan tilsvarende tal for alle bruk med tilleggsnæring er 15,4 årskyr. Tendensen er den same om ein ser på alle bruka i driftsgranskingane med kvinneleg brukar. 48 bruk i driftsgranskingane har kvinneleg brukar, og i denne gruppa er driftsoverskotet frå jordbruket i gjennomsnitt kr 115 000, og det er ca kr 79 000 mindre enn for alle bruka i driftsgranskingane.

## 3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiaret

---

Dette kapittelet syner ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå 1991 til og med 2000. Materialet er gruppert etter region, fylke, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små. Utskifting av bruk kan derfor gje store utslag på resultatata. Alle resultatata i dette kapittelet er omrekna til 2000-kr etter konsumprisindeksen. Det er nytta figurar for å visa utviklinga, medan talmaterialet for dei siste fem åra er vist i tabellar i kapittel fem.

### 3.1 Resultatmal i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, arbeidsforteneste per bruk og per årsverk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time.


#### 3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien og vederlag til både eigen og lånt kapital.

Driftsoverskotet for bruka på Vestlandet har tidvis variert mykje (Figur 3.1). Driftsoverskotet var stabilt frå 1991 til 1992 for så å verte redusert. Frå 1992 til 1997 vart driftsoverskotet redusert med kr 77 000 frå kr 235 000 til kr 159 000. Årsaka til denne kraftige nedgangen var mellom anna mindre overføringar og auka kostnader. Det vart så ein liten oppgang i driftsoverskotet frå 1997 til 1998 på kr 18 000. Årsaka til dette var betre prisar og auka overføringar. I 1999 vart overskotet redusert igjen. Låge prisar, særleg på kjøt, var hovudårsaka til denne nedgangen i driftsoverskotet. I 2000 var det ein oppgang i driftsoverskotet på kr 15 000 i høve til 1999. Oppgangen kan forklarast med ein betre balanse i kjøtmarknaden og høgare prisar siste halvår, samt at det var eit godt avlingsår for frukt.

Ser vi på trendar for heile perioden, har det vore ein kraftig nedgang i driftsoverskotet første halvdel av 90-tallet for deretter å flate ut siste halvdel. Ser vi på Vestlandet i høve til heile landet, er tendensen ganske lik for begge gruppene.


Trenden syner ein jamn nedgang i driftsoverskotet for deretter å flate ut og stabiliserer seg på eit lågare nivå.



Figur 3.1 Driftsoverskot i middel per bruk for heile landet og Vestlandet.


Ser ein på kvart av dei tre fylka, er trenden omtrent lik som for Vestlandet samla (Figur 3.2). Driftsoverskotet i Møre og Romsdal er høgre enn i dei andre fylka. Det har bakgrunn i større bruk og produksjonsomfang, 12,5 årskyr og 6 grisekull i gjennomsnitt for år 2000. For Sogn og Fjordane er tala 8,1 årskyr og eit grisekull mens i Hordaland er tala 6,3 årskyr og eit grisekull. Hordaland har hatt ein større auke i driftsoverskot i 2000 enn Sogn og Fjordane. Dette har si årsak i at dei fleste fruktbruka ligg i Hordaland (10,7 daa med frukt i Hordaland i 2000 mot 0,4 daa i Sogn og Fjordane), der den gode fruktavlinga i 2000 medverka sterkt til eit auka driftsoverskot i dette fylket i høve til Sogn og Fjordane.






Figur 3.2 Driftsoverskot i middel per bruk for dei tre vestlandsfylka

Driftsoverskotet vil variere med storleiken på bruka (Figur 3.3). Dess større bruk, dess høgare driftsoverskot. Bruk mellom 200 og 300 daa har derimot som einaste gruppe, fått redusert driftsoverskotet frå 1999 til 2000. Dette bruka har hatt ein nedgang i produksjonsinntekt som er større enn reduksjonen i kostnadene i same tidsrom. Det er også den gruppa som har størst reduksjon i driftsoverskot gjennom heile perioden. Frå 1991 til 2000 har denne gruppa fått redusert driftsoverskotet med kr 122 000 i middel. Det kan forklarast med at endringar i prisar og tilskot gjev størst utslag på bruk med større omfang. Det er også få bruk i denne gruppa (19 bruk i 2000, 15 bruk i 1999). I ei så lita gruppe kan store endringar på enkeltbruk gjere store utslag. Også utskifting av bruk kan gje tildels vesentlege utslag.



Figur 3.3 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike storleiksgrupper

Det er store skilnader i driftsoverskot mellom dei ulike driftsformene (figur 3.4). Høgaste driftsoverskotet finn ein i driftsforma mjølk/svin der dritsoverskotet ligg i middel ca kr 74 000 over produksjonsformer med berre mjølk. Årsaka er at bruk med mjølk/svin er større og har et større produksjonsomfang (sjå over). På grunn av variasjonar i pris på mjølk og kjøt gjennom perioden har desse to driftsformene hatt store svingingar i driftsoverskotet. Sauebruka gjev eit lågt, men jamt driftsoverskot, mens fruktbruka har store svingingar i driftsoverskotet. Sistnemnde kan forklarast med store variasjonar i avlingar og prisar. Frukt- og mjølkebruka har hatt ein oppgang i driftsoverskotet 2000. Det kan forklarast med gode fruktavlingar og høgare prisar på mjølk og kjøt.




Figur 3.4 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet

### 3.1.2 Arbeidsfortenesta til familien og vederlag til arbeid og eigenkapital


Arbeidsfortenesten til familien kan definerast som driftsoverskot minus rentekrav på all kapital bunden i jordbruket. Det skal vise kva familien har igjen for arbeidsinnsatsen i jordbruksverksemda. Vederlaget viser kor mykje som er att å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp) og forrenting av eigenkapitalen.

Driftsoverskotet har ein kraftigare nedgang enn arbeidsfortenesta til familien og vederlag til arbeid og eigenkapital, som visar ei jamn nedgang over perioden (Figur 3.5). Dette har si årsak i minkande rentenivå utover i perioden. Renta, som vi nyttar til å regne ut rentekravet, vart redusert frå 10% i 1990-92 til 6% i 1997. Rentekravet vart i 1999-2000 sett til 7%. Auka rentekrav har størst verknad på driftsformer med mykje innsett kapital.




Figur 3.5 Utvikling for ulike resultatmål for bruk på Vestlandet

Figur 3.6 og figur 3.7 viser utviklinga av resultatmåla for dei ulike driftsformene.



Figur 3.6 Arbeidsforteneste til familien per årsverk for dei ulike driftsformene




Figur 3.7 Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for dei ulike driftsformene

### 3.1.3 Lønsevne per time


Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid, og syner kor mykje som er igjen til løn når innsett kapital har fått godtgjering. Ved eit stabilt driftsoverskot, vil færre arbeidstimar gje auka lønsevne per time, mens auka rentekrav vil gje redusert lønsevne.

Lønsevne per time viser ein jamn nedgang i perioden (Figur 3.8). Dette trass i at det ligg færre arbeidstimar bak tala. Auka rentekrav dei siste to åra er medverkande årsak til nedgangen, til saman med eit varierende driftsoverskot.




Figur 3.8 Lønsevne per time for jordbruket i heile landet og på Vestlandet

Det er liten skilnad på lønsevna per time for Hordaland og Sogn og Fjordane. Møre og Romsdal har hatt høgare lønsevne per time enn dei to andre fylka fram til 1998 (Figur 3.9). Lønsevna per time vart så reduserast med kr 12 frå 1998 –99. Årsaka var høge investeringar, auka arbeidsforbruk i timar og ein reduksjon i driftsoverskotet.




Figur 3.9 Lønsevne per time for dei tre vestlandsfylka

Det er store variasjonar mellom ulike storleiksgrupper og ulike driftsformer. Figur 3.14 og figur 3.15 syner utviklinga over perioden. Samanlikner vi tala for driftsoverskot med lønsevne per time ser vi tydeleg likskap. Det siste året har lønsevna per time for bruk i mellom 50 til 100 daa hatt ein oppgang. Årsaka er hovudsakleg det gode fruktåret. Vidare kan vi sjå at lønsevna per time for dei ulik driftsformene og storleikane nærmar seg kvarandre. Unnataket er sauebruka. Sauebruka har hatt ei stabil men låg lønsevne per time gjennom heile perioden. Lønsevna per time atterspeglar driftsoverskotet i denne næringa (sjå kap 3.1.1).



Figur 3.10 Løsevne per time per time for ulike storleiksgrupper




Figur 3.11 Løsevne per time for ulike driftsformer

For å kunne seie noko om effektivitetsutviklinga for tiårs perioden kan vi sjå om det har vore ei endring i arbeidstimar i jordbruket, areal og i dyretal frå 1991 til 2000.


Vi ser at produksjonsforma mjølksvin er arbeidskrevjande (Figur 3.12). Gjennomsnittleg timetal er 4 000 for perioden 1991–2000. I same tidsrom har det vore ei kraftig

auke i produktiviteten på bruk med svin. Frå 1991 til 2000 er tal grisekull nesten dobla frå 19 til 36. For omsett svinekjøt, har produksjonen auka med på 7 500 kg, frå 8 300 kg til 15 800 kg. Tal årsku har vore nesten stabilt sidan 1991. Det har vore ei auke i areal for gruppa mjølk/svin på 40 daa frå 1991 og fram til i dag (Figur 3.13).

For mjølkebruka har det vore små endringar sidan 1991. Arealet har auka med 25, daa og det utgjør ei auke på 1,3 daa per årsku, til 11,4 daa per årsku i år 2000. For sauebruka er timetalet noko redusert etter 1992. Det er derimot små endringar i tal vinterfora sau. Kjøtt per vinterfora sau har auka med 2 kg, frå 21 kg til 23 kg. Sauebruka har også auka arealet med 17 daa sidan 1992.



Figur 3.12 Timar i jordbruket for dei ulike produksjonar




Figur 3.13 Innmark for dei forskjellige driftsformene (oppgitt i daa)

## 3.2 Totaløkonomien på vestlandsbruka

### 3.2.1 Nettoinntekt

Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for bruka. Ho viser brukarfamiliens si samla inntekt, i og utanfor jordbruket.


Middel for Vestlandet i heile perioden har vore på omlag kr 345 000 (alle tal i 2000-kr) (Figur 3.14). Nettoinntekta for jordbruket på Vestlandet har lege under middelet for heile landet det meste av perioden. Differansen i middel har vore omlag kr 24 000.



Figur 3.14 Nettoinntekt per bruk i middel for heile landet og for Vestlandet


Nettoinntekta i middel gjennom heile perioden for Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre Romsdal er i same rekkjefølgje ca. kr 328 000, 362 000 og 349 000 (Figur 3.15). Nettoinntekta har auka for alle fylka dei siste åra. Det har si årsak i auka inntekt utanom jordbruket.






Figur 3.15 Nettoinntekt for bruk i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Nettoinntekta for bruk under 50 daa syner ein stor auke dei siste to åra (Figur 3.16). Dette har si årsak i høgare lønnsinntekt og auka driftsoverskot for næringer utanom jordbruket. For bruk mellom 50 – 100 daa og 100 – 200 daa er svingingane i nettoinntekta mindre. På desse bruka har lønnsinntekt og andre inntekter vore stabile gjennom perioden. Bruka mellom 200 – 300 daa har hatt ein kraftig nedgang i nettoinntekt sidan 1997. Dette har si årsak i nedgang i driftsoverskot for jordbruket og nedgang i driftsoverskot for næringer utanom jordbruket. Store kapitalinntekter gjev positivt utslag på nettoinntekta i 1997. Dei siste åra har desse inntektene vore små.



Figur 3.16 Nettoinntekt i middel for ulike storleiksgrupper for vestlandsfylka

Dei som driv med mjølk/svin har høgast nettoinntekt (Figur 3.17). Årsaka til dette er at driftsoverskotet og løsinntekt for denne gruppa har auka. I 2000 var løsinntekta på kr 228 000 i middel. Løsinntekta for dei som driv med sau er høgast samanlikna med dei andre driftsformene (kr 346 000 i år 2000). For driftsformene mjølk og frukt er det små variasjonar i nettoinntekt.




Figur 3.17 Nettoinntekt i middel fordelt på driftsformer

### 3.2.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskingane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruka driv lite aktivt skogbruk, og skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. På ein del bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre.

Bakgrunnen for dei høge tala i 1992 er nyttårsorkanen som råka nordvestlandet dette året (Figur 3.18). Stormen førte til mykje vindfall og mesteparten av dette blei tatt ut, og gav dermed høge inntekter på skogen for dei bruka som blei råka. I samband med orkanskadane blei det utbetalt ein del erstatningar i 1992 – 93.

Driftsoverskotet på skogen er jamt over lågt, lågast er det i 2000. Reduksjonen i driftsoverskot har elles vore jamt fordelt på dei ulike fylka og driftsformene.




Figur 3.18 Driftsoverskot i skogbruket på Vestlandet

### 3.3 Soliditet

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke fleire nøkkeltal for å vise dette, mellom anna nettoinvestering, gjeld og eigenkapitalprosent.


#### 3.3.1 Nettoinvestering

Nettoinvesteringane i middel for Vestlandet har gått mykje ned sidan 1991 (Figur 3.19). For perioden 1992 - 97 var nettoinvesteringane kr 6 000. i middel. I 1998-99 var det ein auke i nettoinvesteringane for så å få ein kraftig reduksjon i 2 000. Vestlandet har hatt ei høgare nettoinvestering enn heile landet sett under eit, i middel for tiårsperioden. For perioden 1992-93 var nettoinvesteringane særst låge eller negative. Dette har truleg samband med høgt rentenivå, usikker økonomisk utvikling i jordbruket og EU-avstemminga i 1994. I 1998-99 har Vestlandet hatt ein stor auke i investeringane. Dette kan ha samband med nye forskrifter om dyrehald. Reduksjonen i 2000 kan ha samband med usikker framtid for landbruksnæringa og/ eller at dei som måtte investere, gjorde det i 1998 -99.




Figur 3.19 Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet

Mellom ulike driftsformer er det store skilnader med omsyn til nettoinvesteringane i perioden. Grappa mjølk/svin har aleine gjennomsnittleg nettoinvesteringar i 1998 1999 på heile 323 000 (Figur 3.20). Dette ligg langt over nivået for dei andre driftsformene (Figur 3.21). Dette har samanheng med dei nye forskriftene om svinehald. Vi ser at mjølkebruka har hatt ei negativ nettoinvestering i år 2000, mens sauebruka her hatt den høgaste nettoinvesteringa (hovudsakleg traktor ) på kr 27 000 i middel.




Figur 3.20 Nettoinvesteringar for driftsforma mjølk/svin



Figur 3.21 Nettoinvesteringar for dei ulike produksjonsformene

### 3.3.2 Gjeld

Samla gjeld for vestlandsbruka har lege mykje under landsgjennomsnittet. Av vestlandsfylka har Møre og Romsdal høgast gjeld og dette har si årsak i investeringane som vart gjort i 1998 – 99, samt større omfang og større bruk enn i dei to andre fylka. Det er store skilnader både mellom ulike storleiksgrupper og ulike driftsformer. Dei største bruka har som venta størst gjeld. Ser ein på ulike driftsformer, ser vi at investeringane som vart gjennomførde i 1998-99, for dei som driv med mjølk/ gris, har gitt ei gjennomsnittleg gjeld dei siste tre åra på kr 1 640 000 (Figur 3.22). Det er eit langt sprang ned til saue- og fruktbruka som har ei gjennomsnittleg gjeld, for dei siste tre åra, på kr 340 000. For den meir kapitalkrevjande mjølkeproduksjonen, er gjennomsnittlig gjeld for dei siste tre åra på kr 650 000.




Figur 3.22 Gjeld i middel for de ulike driftsformene

### 3.3.3 Eigenkapitalprosent


Det er tilrådd at eigenkapitalprosenten er over 50, men han kan og være lågare utan at det er fare på ferde. Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår dersom det skulle bli naudsynt. Inntening og rente på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng vere. Låg inntening og eigenkapital samstundes med høg rente på lånt kapital, er ein særleg dårleg kombinasjon. I materialet er alle egedelar til brukarfamilien med, også private egedelar (våningshus, privatbil, mm).

Vestlandet har hatt ein liten auke i eigenkapital og ligg høgre enn landsgjennomsnittet for heile perioden (Figur 3.23). Det er små skilnader mellom dei tre fylka, men Sogn og Fjordane har lege høgast i heile perioden.



Figur 3.23 Eigenkapitalprosent for heile landet og Vestlandet

Mellom ulike driftsformer er det større variasjonar (Figur 3.24). Bruka med fruktproduksjon har klart høgast eigenkapital i høve til total eige, medan kombinasjonen mjølk/svin har den lågaste eigenkapitalprosenten i perioden. Ein av grunnane er at ved måletidspunktet er heile verdien av fruktavlinga registrert som omløpsmidlar. Gjennomsnittleg eigenkapitalprosent hadde vore lågare for fruktbruka dersom dette var registrert på sommaren.



Figur 3.24 Eigenkapitalprosent for ulike produksjonsformer





## 4 Utviklingstrekk siste ar

---

Driftsgranskingane i jordbruket er basert på eit tilfeldig utval av 957 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 171 bruk frå Vestlandet, 57 i Hordaland, 57 i Sogn og Fjordane og 57 i Møre og Romsdal. Jordbruksarealet for desse bruka var i middel 137 dekar, 6 dekar meir enn i 1999. Arbeidsinnsatsen til familien var i 2000 i middel 2 312 timar, ein oppgang på 1,9 %. Dette utgjer 1,2 årsverk à 1 875 timar. Leigd arbeid utgjer 649 timar, ein nedgang på 15 timar. Jordbrukskapitalen var i middel for året kr 997 000.

Hovudtendensar for 2000:

- Auke i driftsresultatet
- Betre balanse i kjøtmarknaden og høgare prisar siste halvår
- Godt avlingsår for frukt

I materialet for jordbruksforhandlingane er **vederlag til arbeid og eigenkapital** eit sentralt resultatmål. Vi har difor valt å presentere dette også frå driftsgranskingane. Dette kjem fram ved å leggje til leigd arbeid til driftsoverskotet og trekkje frå renteutgifter til lånt kapital i jordbruksdrifta og kår. Resultatet viser ein auke frå 125 200 til kr 136 000 (+8,6%) frå 1999 til 2000.

**Driftsoverskotet** per bruk var i 2000 i middel kr 173 000 mot kr 153 200 i 1999. Målt i faste kroner er resultatet for 2000 om lag som gjennomsnittet dei siste 5 åra. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta samt eit rimeleg rentekrav for kapitalinnsatsen. Driftsoverskotet viser ein auke på 12,9 % i middel for dei tre vestlandsfylka.

Tala frå NILF viser at lønsemda varierer med **bruksstorleik og driftsform**. Av dei 171 bruka på Vestlandet som er med, har 12 bruk mindre enn 50 dekar innmark, 49 bruk har mellom 50 og 100 dekar innmark, 86 bruk har mellom 100 og 200 dekar og 19 bruk er mellom 200 og 300 dekar. Fem bruk er større enn 300 dekar. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk (1 875 timar) for dei minste bruka var kr 109 400, medan bruka mellom 200 og 300 dekar oppnådde kr 137 600 per årsverk. Ulik driftsform forklarar mykje av skilnaden i utvikling mellom gruppene.

**Mjølkeproduksjon** har i mange år utgjort basisen for landbruket på Vestlandet. Det er difor flest bruk i denne gruppa (83). Det er også denne driftsforma som viser det beste driftsresultatet i 2000. Talet på årskyr var i 2000 i middel 13,3, ein auke på 0,2

årskyr frå 1999. Mjølkebruket har i middel 151 dekar. Driftsoverskotet per bruk utgjorde kr 190 400, mot kr 167 500 i 1999. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk auka med kr 14 400 til kr 147 500. Dette er ein auke på 10,8 %. Årsaka til auken ligg i betre balanse i kjøtmarknaden og høgare prisar. Det var også auke i sum produksjonstillegg for denne gruppa.

Kombinasjonen **mjølkeproduksjon/svinehald** har tradisjonelt hatt best lønsemd. Dei to siste åra har desse bruka hatt eit dårlegare resultat enn dei med rein mjølkeproduksjon. Dette er relativt store bruk med 180 dekar innmark i middel. Driftsforma omfattar i alt 12 bruk med eit middels produksjonsomfang på 12,9 årskyr, 21 purker og 217 slaktegrisar. Driftsoverskotet per bruk auka med 3,7 %. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk var kr 125 200. Det er ein nedgang på 4,9 % frå 1999. Nedgang i pris på svinekjøt, og smågrispris samt auke i arbeidsforbruket medfører nedgang i resultatet. Store investeringar i svinehaldet er også med på å svekke resultatet for denne gruppa.

**Sauehaldet** (18 bruk) viser om lag uendra resultat frå 1999. Driftsoverskotet per bruk er kr 54 000 i middel, det same som året før. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk var i 2000 kr 77 000. Dette er ein nedgang på kr 1 800 frå året før. Inntekter og kostnader er om lag uendra, men auke i rentekostnader gjev lågare arbeidsvederlag. Prisen på sauekjøt auka med 1,90 kr per kg i snitt frå 1999 til 2000.

**Frukt/sauehald** (17 bruk) hadde eit svært godt resultat i 2000. Store fruktavlingar gav høgare inntekter sjølv om prisane var låge på produkta. Driftsoverskotet auka med kr 50 200 til kr 152 700. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk auka med kr 32 000 til kr 133 000.

Resten av bruka i driftsgranskingane for Vestlandet (18 bruk) er fordelt på ulike driftsformer.

**Nettoinvesteringar** er sum investeringar i jordbruket med frådrag av kapitalslit (avskrivningar), fråsal og eventuelle investeringstilskot. Det var negativ nettoinvestering samla for Vestlandet. Unnataket var Sogn og Fjordane der det var ein liten auke i nettoinvesteringane samanlikna med 1999. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året. Innafor svineproduksjonen det har vore store investeringar dei tre siste åra, men det har flata ut i 2000.

**Nettoinntekta** i middel per bruk viser ein auke på 9,5 % til kr 375 400. Nettoinntekta omfattar driftsoverskot frå jord- og skogbruk, andre næringar, løner, trygder og pensjonar, dessutan renteinntekter og verdi av eige arbeid på nyanlegg. Gjeldsrenter og kår er trekte frå. To tredeler av auken skriv seg frå jordbruket, resten er auka lønsinntekt utanom bruket.

Driftsgranskingane viser at **inntekter utanom den tradisjonelle jordbruksdrifta** utgjer ein stor del av nettoinntekta. Inntekter utanom jordbruket utgjorde i 2000 54% av nettoinntekta til familien mot 55 % året før. Går vi litt tilbake i tid, utgjorde dette 35% i 1990, 24% i 1985 og 15% i 1980. Ein del av desse inntektene er anna næring med basis i ressursane på bruket.

**Samla gjeld** auka med kr 8 500 frå 1999, og utgjer i middel kr 650 000 for alle deltakarbruka på Vestlandet. Samla innbetaling av gjeldsrenter auka med kr 1 300 til kr 36 600.

Alle dei presenterte resultatata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 171 vestlandsbruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.

Tabell 4.1 Tabell 1: Samla oversikt for 2000

	Tal bruk	Gj.areal dekar	Driftsoverskot per bruk		Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk	
			1999	2000	1999	2000
Vestlandet, alle	171	137	153 200	173 000	125 200	136 000
Hordaland	57	119	148 400	164 700	128 100	138 500
Sogn og Fjordane	57	120	140 700	149 600	120 900	130 000
Møre og Romsdal	57	171	171 000	204 800	125 800	138 100
Bruk < 50 dekar	12	41	62 400	107 200	82 400	109 400
« 50 - 100 dekar	49	79	124 100	127 300	109 600	124 900
« 100-200 dekar	86	146	167 700	191 000	131 900	141 500
« 200-300 dekar	19	242	220 593	216 500	144 800	137 600
Mjølkeproduksjon	83	151	167 500	190 300	133 100	147 500
Mjølksauhold	23	156	179 200	192 200	121 900	126 100
Mjølksvinehold	12	180	229 900	238 500	131 600	125 200
Sauhold	18	90	54 500	54 600	78 800	77 000
Frukt med sau	17	59	102 500	152 700	100 700	133 000

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Tabell 4.2 Tabell 2: Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk i Vestlandsjordbruket i perioden 1975 – 2000

År	Tal bruk	Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk		Konsumprisindeks
		Nominelle kr	2000-kr	
1975	174	32 000	125 900	26,8
1980	156	66 700	175 000	40,2
1985	167	95 300	162 400	61,9
1990	178	122 800	154 700	83,7
1996	174	124 600	137 900	95,3
1997	174	123 700	133 400	97,8
1998	173	132 900	140 200	100,0
1999	171	125 200	129 100	102,3
2000	171	136 000	136 000	105,5



## 5 Tabellsamling 1996 – 2000

---

1. Landsdeltal, Vestlandet
2. Fylkestal, Hordaland
3. Fylkestal, Sogn og Fjordane
4. Fylkestal, Møre og Romsdal
5. Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer
6. Vestlandet, storleiksgruppe II (50 - 100 daa), alle driftsformer
7. Vestlandet, storleiksgruppe III (100 - 200 daa), alle driftsformer
8. Vestlandet, storleiksgruppe IV (200 – 300 daa), alle driftsformer
9. Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon
10. Vestlandet, driftsformer, sauehald
11. Vestlandet, driftsformer, geitehald
12. Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin
13. Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau
14. Vestlandet, driftsformer, frukt

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 1996 – 2000. Det er presenterte tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpande, og kvar tabell er delt inn i tre delar, a, b og c. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneheld opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b, produksjonsinntekter og kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstillegg og variable og faste kostnader. Den siste delen, c, resultat og balanse, viser ulike resultatmål og ei oversikt over balansen pr 31.12.

Tabell 1a Landsdelstal, Vestlandet  
Produksjonstekniske data og opnådde priser

Periode	1996	1997	1998	1999	2000	
Tal bruk i gruppa	174	174	173	171	171	
Alder på brukar	46	47	46	47	47	
<b>Arealfordeling og avling pr dekar</b>						
Korn i alt, daa	2,1	1,7	1,7	2,0	1,7	
Korn i alt, FEm pr daa	299	379	287	441	366	
Grovfôr i alt, daa	113,2	117,0	120,8	124,3	130,0	
Grovfôr i alt, FEm pr daa	372	392	395	387	379	
Frukt og bær, daa	3,5	3,5	3,7	3,8	3,9	
Jorbruksareal i alt, daa	119,8	123,3	127,6	131,1	136,9	
Jorbruksareal i alt, FEm pr daa	368	388	390	386	376	
Leigd areal, daa	30,7	32,7	33,3	36,7	38,4	
<b>Husdyrproduksjon</b>						
Årskyr	8,1	8,2	8,6	8,8	8,9	
Omsett mjølk, liter	45 201	46 098	47 025	47 679	48 840	
Mjølkekvote		47 592	49 656	49 725	50 231	
Mjølk, pr årsku, kg	6256	6321	6237	6118	6156	
Storfekjøt, kg omsett	1911	1913	1946	2051	2190	
Tal grisekull	2	2	2	3	3	
Slaktegris, kg omsett	1101	1026	813	1039	1120	
Vinterfora sauer	20	21	20	21	20	
Kg kjøt pr vf sau	25	25	25	25	26	
Ull, kg omsett	106	110	97	98	101	
Mjølk pr årsgeit, kg	494	492	516	483	491	
<b>Arbeidsforbruk, timar</b>						
Brukar	1902	1895	1912	1900	1923	
Ektefelle	400	391	393	336	350	
Barn under 17 år	38	27	26	33	40	
Sum familie	2340	2313	2331	2268	2312	
Leigd arbeid	687	608	622	664	649	
Timar jordbruket	3027	2921	2953	2932	2961	
Timar skogbruket	80	68	66	67	65	
Timar nyanlegg	49	56	49	51	42	
<b>Oppnådde priser, kr pr kg / ltr</b>						
Bygg	1,86	1,80	1,87	1,71	1,58	
Havre				1,67	1,63	
Kumjøl, liter	1)	3,67	3,49	3,65	3,25	3,16
Kukjøt	2)	35,28	35,46	34,31	31,29	23,60
Anna storfekjøt		40,26	41,22	40,26	36,97	27,87
Smågris, kr pr stk		781	718	788	686	615
Svinekjøt, slaktegris	2)	22,74	21,02	22,29	20,14	18,87
Sau- og lammekjøt	2)	35,61	33,27	35,20	37,73	30,73
Ull		35,88	34,44	33,02	32,32	31,00
Geitemjøl, liter	3)	7,39	6,79	7,51	5,14	3,76
Egg		10,60	10,54	11,13	11,64	10,10

1) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom år 1998

2) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom år 1999

3) Inkl. driftstillegg, distriktstilskot og grunntilskot tom år 1998

Tabell 1b Landsdelstal, Vestlandet  
Produksjonsinntekter og -kostnader pr bruk

Periode	1996	1997	1998	1999	2000
Korn	898	1 117	896	1 131	652
Frukt	13 748	12 548	16 480	19 470	23 746
Andre planteprodukt	3 361	6 476	5 724	5 298	4 280
<b>Planteprodukt</b>	<b>18 007</b>	<b>20 141</b>	<b>23 100</b>	<b>25 899</b>	<b>28 679</b>
Storfe, mjølk	207 378	201 285	212 785	211 443	154 126
Stofe, livdyr og slakt	83 661	89 893	83 548	72 230	67 390
Smågris	7 040	6 760	7 085	7 030	5 300
Slaktegris	25 315	21 275	18 559	19 360	22 360
Purker og rånar	3 185	2 175	4 977	5 328	3 169
Sau, livdyr og slakt	18 153	16 617	18 758	20 753	17 753
Ull	3 496	3 529	3 434	3 141	3 440
Geit, mjølk	7 386	6 844	7 891	7 994	4 034
Geit, livdyr og slakt	414	343	331	203	251
Fjørfe, egg	4 705	6 169	3 561	4 928	9 139
Fjørfe, livdyr og slakt	4 560	1 893	4 196	1 711	-1 452
Andre innt. husdyrholdet	285	391	237	405	212
<b>Husdyrprodukt</b>	<b>365 578</b>	<b>357 174</b>	<b>365 362</b>	<b>354 525</b>	<b>285 723</b>
Areal- og kulturlandskapt tillegg, grovfôr	48 799	52 563	59 301	49 221	48 487
Areal- og kulturlandskapt tillegg, korn	865	837	698	528	738
Prod. tillegg, husdyr	38 918	41 005	43 589	48 213	54 503
Ref. avløysarutgifter	32 728	31 508	31 125	32 647	39 890
Drifts-, grunn og distr.tilskot 1)					84 905
Andre tilskot og trygder	8 986	9 483	11 569	17 056	19 372
Leigeinntekter traktor og reiskap	3 046	4 371	4 142	4 781	5 680
Traktor i skogen	3 275	2 506	2 351	2 087	2 027
Anna	71	3 197	449	2 627	3 791
<b>Produksjonsinntekter i alt</b>	<b>520 273</b>	<b>522 785</b>	<b>541 686</b>	<b>537 584</b>	<b>573 796</b>
Krafftôr	99 610	100 169	102 607	104 024	102 726
Andre fôrkostnader	6 653	6 470	4 846	4 282	6 752
Såvarer	2 021	2 383	1 981	2 033	1 763
Handelsgjødsele og kalk	16 844	17 688	16 191	16 100	14 919
Konserveringsmidlar	4 180	4 178	4 332	4 502	4 667
Kjøp av dyr	12 149	13 182	10 439	11 148	10 650
Forbr.art. og diverse	21 079	22 356	22 371	24 188	27 313
<b>Variable kostnader</b>	<b>162 536</b>	<b>166 426</b>	<b>162 767</b>	<b>166 278</b>	<b>168 791</b>
Leigd arbeid	62 711	58 546	58 356	62 482	62 912
Drivstoff	5 758	5 896	5 623	5 734	7 748
Vedl. hald jord, vegar, grøft, vassanlegg	2 432	3 446	3 102	3 385	3 380
Vedl. hald driftsbygningar	13 205	14 306	14 198	12 935	14 649
Vedl. hald traktor og maskiner	23 288	23 902	25 773	23 694	24 520
Avskrivningar	59 176	59 660	59 061	63 025	67 163
Maskinleige	3 243	4 012	5 195	5 519	6 386
Andre kostnader	33 942	39 326	39 972	41 294	45 170
<b>Faste kostnader</b>	<b>203 755</b>	<b>209 094</b>	<b>211 280</b>	<b>218 068</b>	<b>231 927</b>
<b>Kostnader i alt</b>	<b>366 291</b>	<b>375 520</b>	<b>374 047</b>	<b>384 346</b>	<b>400 718</b>

1) driftstilskot, grunnstilskot og distriktilskot er ikkje inkludert i prisane fom år 2000.

Fom år 2000 vil desse tilskota bli ført på eigen linje.

Tabell 1c Landsdelstal, Vestlandet  
Resultat og balanse

Periode	1996	1997	1998	1999	2000
Driftsoverskot	153 981	147 265	167 639	153 238	173 077
- Renter av aktiva i jordbruket	55 313	52 494	59 242	66 545	69 808
Familiens arb. fortjeneste	98 668	94 771	108 397	86 693	103 270
Familiens arb. fortjeneste pr årsverk	79 061	76 825	87 192	71 671	83 751
Lønsevne i alt	161 379	153 316	166 753	149 175	166 182
Lønsevne pr. time	53,32	52,48	56,47	50,87	56,13
Vederlag til arb. og egenkap. pr årsverk	124 562	123 659	132 916	125 224	136 066
<b>Rekneskapsamandrag</b>					
Driftsoverskot, jordbruk	153 981	147 265	167 639	153 238	173 077
Driftsoverskot, skogbruk	2 580	1 998	2 516	3 336	1 708
Driftsoverskot, tilleggsnæring		7 302	11 236	11 919	14 383
Driftsoverskot, anna næring	29 568	13 203	18 210	15 703	18 538
Lønsinntekt	117 762	135 244	132 489	148 699	160 566
Pensjonar	10 400	7 150	11 931	16 939	15 009
Sjukepengar		3 289	5 368	2 691	6 027
Aksjeutbyte		8 131	5 734	11 058	11 029
Arbeid nyanlegg	5 014	5 923	5 472	5 952	5 099
Renteinntekter	9 284	6 992	10 171	12 498	10 939
- Renteutgifter	26 785	22 380	28 569	35 337	36 632
- Kår	3 551	3 472	4 021	3 804	4 296
Nettoinntekt	298 253	310 645	338 176	342 891	375 447
Privatforbruk eks. skatt	226 608	237 968	249 454	257 632	274 538
Skatt	96 802	96 102	93 188	107 759	109 258
<b>Balanseoversikt (UB)</b>					
Kontantar og bankinnskot	220 337	233 981	233 078	242 787	244 186
Andre krav	90 732	64 948	75 463	75 105	73 125
Omløpsmidlar jordbruket	81 050	84 896	86 374	76 469	80 695
Omløpsmidlar skog og andre næringar	2 124	39 846	50 632	63 449	65 647
<b>Omløpsmidlar i alt</b>	394 243	423 671	445 547	457 810	463 653
Anleggsmidlar jordbruk	772 028	793 472	845 413	883 566	912 797
Anleggsmidlar skogbruk	26 988	29 260	29 724	30 140	33 639
Anleggsmidlar anna næring	53 959	60 293	61 110	57 507	52 160
Hovudbygning	338 598	346 112	367 276	391 111	402 939
Privat	73 149	71 832	73 510	82 407	79 181
<b>Anleggsmidlar i alt</b>	1 264 722	1 300 969	1 377 033	1 444 730	1 480 716
<b>Eigedeler i jordbruket</b>	853 078	878 368	931 787	960 036	993 492
<b>Eigedeler i alt</b>	1 658 965	1 724 641	1 822 579	1 902 539	1 944 369
Kortsiktig gjeld	142 300	145 421	161 207	168 550	166 368
Langsiktig gjeld	361 038	396 313	432 109	473 085	483 794
<b>Eigenkapital</b>	1 155 627	1 182 907	1 229 263	1 260 905	1 294 207



Tabell 2a Fylkestat, Hordaland  
Produksjonstekniske data og opnådde priser

Periode	1996	1997	1998	1999	2000	
Tal bruk i gruppa	57	57	56	58	57	
Alder på brukar	47	47	47	48	48	
<b>Arealfordeling og avling pr dekar</b>						
Korn i alt, daa				0,3	0,2	
Korn i alt, FEm pr daa				354	186	
Grovfôr i alt, daa	94,7	98,9	101,5	103,9	107,2	
Grovfôr i alt, FEm pr daa	337	343	348	337	331	
Frukt og bær, daa	8,8	9,2	9,5	10,3	10,7	
Jorbruksareal i alt, daa	104,7	109,3	112,4	115,7	119,3	
Jorbruksareal i alt, FEm pr daa	338	344	349	339	334	
Leigd areal, daa	26,3	28,5	28,5	32,0	29,6	
<b>Husdyrproduksjon</b>						
Årskyr	6,0	5,9	6,1	6,4	6,3	
Omsett mjølk, liter	32 665	34 011	34 335	34 247	33 758	
Mjølkekvote		35 396	36 913	36 093	34 828	
Mjølk, pr årsku, kg	6132	6464	6274	6089	6152	
Storfekjøt, kg omsett	1432	1367	1384	1380	1431	
Tal grisekull	2	2	1	1	1	
Slaktegris, kg omsett	1084	953	663	799	823	
Vinterfora sauer	23	24	24	23	24	
Kg kjøt pr vf sau	24	24	26	25	25	
Ull, kg omsett	129	126	118	116	122	
Mjølk pr årsgeit, kg	432	477	451	470	473	
<b>Arbeidsforbruk, timar</b>						
Brukar	1925	1921	1921	1829	1785	
Ektefelle	469	413	392	315	364	
Barn under 17 år	37	21	13	18	32	
Sum familie	2431	2355	2325	2162	2180	
Leigd arbeid	629	569	628	625	688	
Timar jordbruket	3060	2924	2953	2787	2869	
Timar skogbruket	75	59	73	78	81	
Timar nyanlegg	26	54	46	52	33	
<b>Opnådde priser, kr pr kg / ltr</b>						
Bygg				1,67	1,58	
Havre						
Kumjølk, liter	1)	3,66	3,49	3,58	3,31	3,14
Kukjøt	2)	35,50	35,59	34,32	31,18	23,84
Anna storfekjøt		40,38	41,31	40,19	36,86	28,16
Smågris, kr pr stk		775	722	777	621	588
Svinekjøt, slaktegris	2)	22,26	20,59	22,14	20,39	18,64
Sau- og lammekjøt	2)	35,92	33,85	35,44	38,05	30,43
Ull		35,29	34,55	32,92	31,56	31,22
Geitemjølk, liter	3)	7,52	6,79	7,31	5,26	3,52
Egg		10,82	10,68	11,23	11,61	10,04

1) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom år 1998

2) Inkl. distriktstilskot og grunntilskot tom år 1999

3) Inkl. driftstillegg, distriktstilskot og grunntilskot tom år 1998

Tabell 2b Fylkestat, Hordaland  
Produksjonsinntekter og -kostnader pr bruk

Periode	1996	1997	1998	1999	2000
Korn				143	42
Frukt	36 305	35 074	40 995	43 713	57 493
Andre planteprodukt	2 652	4 204	3 077	3 063	2 284
<b>Planteprodukt</b>	<b>38 957</b>	<b>39 278</b>	<b>44 072</b>	<b>46 918</b>	<b>59 820</b>
